# Konstituering

*Landsstyrets innstilling:*

**1 Konstituering**

**Møtedirigentar**
Trine Skei Grande, Eva Kvelland (leiar av dirigentkorpset), Trond Enger, Iselin Nybø, Alfred Bjørlo, Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Per Elling Braseth-Ellingsen, Mona H. Hellesnes, Hallstein Bjercke, May Valle.

**Referentar**
Runolv Stegane (leiar av referentkorpset), Kjartan Almenning, Thomas Havro Hansen, Audun Rødningsby og Anne Solsvik.

**Fullmaktsnemnd**
Berit Woie Berg (leiar), Britt Fladmark Holta, Daniel Heggelid-Rugaas.

**Møtesekretærar**
Steinar Haugsvær (leiar), Morten A. Hagen, Kjartan Almenning, Thomas Havro Hansen, Runolv Stegane, Thori Sundåshagen, Anja Zabelberg, Guri W. Kinneberg, Jan-Christian Kolstø, Ingvild Boe Hornburg, Geir Olsen, Audun Rødningsby, Anne Solsvik, Per Tore Woie, May Hamilton, John Hamilton.

**Tellekorps**
Erik Hørlück Berg (leiar), Ellen Bjørge, Hans Martin Storø og Mirjam Engelsjord.

**Protokollsignatarar**
Hanne Nora Nilssen og Hallstein Bjercke.

**Redaksjonsnemnd for LM-9 Velferd når du treng det**
Redaksjonsnemnda for LM-10 Politiske fråsegner (vald av LM 2010) fungerer som redaksjonsnemnd også for LM-9.

**Redaksjonsnemnd for LM-10 Politiske fråsegner (vald av LM 2011):**

Ellen C. Kvalsund (leiar), Møre og Romsdal
Hallstein Bjercke, Oslo
Heidi Foyn Thomassen, Agder
Arne Ivar Mikalsen, Nordland
Ina Roll Spinnangr, Sør-Trøndelag
Åsta Årøen, Hordaland
+ Representant for NUV

1. vara: Solveig Schytz, Akershus
2. vara: Ragnhild Helseth, Møre og Romsdal

# Konstituering

*Landsstyrets innstilling:*

**2 Forretningsorden**

1. Landsmøtet vert leia av møteleiarar som blir valde ved konstitueringa av møtet. Møteleiarane sørgjer for at dei oppsette rammene for debattane vert overhaldne, og har difor høve til å bestemme avgrensa taletid og når «strek» skal settast.

2. Landsmøtedeltakarar med talerett melder seg på talarlista ved tydeleg å vise nummerskilt, eller ved å levere inn særskilt skjema dersom dette vert brukt. Møteleiar kan gje taletid til andre landsmøtedeltakarar i kvar einskild sak. Alle innlegg, bortsett frå møteleiar sine, skal skje frå talarstolen.

3. Møteleiar kan tillate inntil to replikkar til debattinnlegg med påfølgjande svarreplikk. Ein replikk kan maksimum være eitt minutt lang, og skal omhandle siste debattinnlegg. Landsmøtedeltakarar teiknar seg til replikk ved tydeleg å vise nummerskilt saman med eit farga ark. Møteleiar gjev replikk til dei som først ber om det.

4. Alle framlegg må leverast skriftleg til møteleiarane, og på eige skjema om slikt finst. Til større saker har møteleiarane høve til å be om at alle framlegg vert levert elektronisk.

5. Framlegg om å utsetje eller oversende ei sak skal handsamast umiddelbart når det vert lagt fram. Møteleiarane har utover dette høve til å bestemme voteringsorden.

6. Vedtak på landsmøtet vert fatta med simpelt fleirtal når anna ikkje er bestemt i Venstres vedtekter. Personval skal gjennomførast skriftleg om nokon av landsmøtedelegatane krev det. Andre vedtak skal fattast ved framsyning av delegatskilt. Ved stemmelikskap skal det gjerast ei ny votering. Ved andre gongs stemmelikskap vert innstillinga ståande.

7. Ved personval gjeld følgjande:

a) Valkomiteen presenterer først sitt arbeid og si innstilling. Alternative framlegg til valkomiteen si innstilling skal settast opp mot ein bestemt person i denne innstillinga. Kandidatane har høve til opp til tre støttetaler kvar, og avgjer sjølve om dei vil nytte ei av desse personleg.

b) Dersom det er fleire enn to kandidatar til eitt bestemt verv, må kandidaten ha minimum 50% av røystene for å bli vald. Oppnår ingen av kandidatane 50% av røystene i første valomgang, fell den av kandidatane med færrast røyster ut. Slik held ein fram til ein av kandidatane har oppnådd dei naudsynte 50% av røystene. Ved stemmelikskap gjeld same reglar som i punkt 6.

8. Framlegg til saker eller politiske fråsegner som kjem inn etter vedtektsfesta fristar (2. mars eller for fråsegner 23. mars) må oppnå 2/3-fleirtal for å kunne realitetshandsamast.

9. Ved handsaming av politiske fråsegner gjeld følgjande:

a) Ved starten av møtet skal redaksjonsnemnda ha distribuert framlegg til antal fråsegner som skal handsamast, og ei innstilling på innhaldet i desse fråsegnene, basert på forslag som er levert innan fristen. Frist for å fremje alternative fråsegner er ved møtestart.

b) I prioriteringsdebatten vedtek Landsmøtet først talet på fråsegner som skal handsamast. Alternative framlegg til redaksjonsnemndas innstilling må deretter settast opp mot ei konkret fråsegn i innstillinga, eller på open plass. Dersom det er fleire enn to alternativ til

ein "plass" vert det votert alternativt mellom to og to forslag. Forslaget som får flest stemmer går vidare til neste voteringsrunde inntil det står eitt forslag att.

c) Dersom sentralstyret gjer framlegg om generell politisk fråsegn, vert denne handsama i plenum.

d) Alle andre fråsegner vert først handsama i parallellsesjonar. Landsmøtedelegatane står fritt til å velje kva sesjon ein vil delta i. Sesjonane vert leia av ein av dei landsmøtevalde ordstyrarane. Parallellsesjonane skal handsame endringsforslaga som er levert innan fristen fastsett i dagsorden, og kome fram til ei sams innstilling ovanfor plenum. Sesjonane kan løfte enkelte konfliktar inn for Landsmøtet i plenum dersom ein ikkje kjem fram til rimeleg semje.

e) Fråsegner som er handsama i parallellsesjonar skal vedtakast i plenum etter at sesjonane er avslutta. Berre deltakarar i dei einskilde sesjonane kan løfte fram endringsforslag til votering. I debatten kan det maksimalt vere to innlegg for og to innlegg mot kvart einskild endringsforslag, og som hovudregel to innlegg for og to innlegg mot heilskapen i fråsegna.

10. Eventuelle endringar i vedteken forretningsorden krev 2/3-fleirtal.